



KVINNHERAD
K O M M U N E

Omvikdalen barnehage

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Jeaneth Sundal Rangsæter		2022/5039-2	«REF»	27.03.2023

Referat møte i SU

06.03.23

Tilstades: barnehagerepresentantar: Anne C Naterstad og Mariann M Søllesvik, Føresette: Robert Sundal, Øyvind Sandvik. Styrar Jeaneth S. Rangseter

Meldt fråfall: Alf Jarle Langeland, politisk representant.

Saksliste:

1. vedtekter
2. feriestenging sommaren 2023
3. Psykososialt barnehagemiljø § 41, 42, 43
4. Foreldreundersøkinga resultat
5. hjelpemiddelsentralen
6. ymse- meld gjerne saker

Innkalling og saksliste Ok, ingen kommentarar.

1. Gjennomgang av kva som stod om SU i vedtektene til kvinnherad kommune
2. Fau har foreslått feriestenging veke 28+29 i sommar- OK
3. Psykososialt barnehagemiljø § 41,42,43. vi drøfta korleis personalet arbeidar kring desse lovene. Kva er krenking- når set vi inn tiltak og dialogen med føresette for eit trygt og godt inkluderande barnehagemiljø. Digital påverknad vart og drøfta- barnehagen snakka om korleis dei nytta digitale verkemiddel inn mot barna.

4. Foreldreundersøkinga 2022 resultat- svarprosent 80% som vi er nøgde med. God score på relasjonar og trivsel som er det viktigaste for barnehagen. Lågare score på inne/ute område, mat og medverknad. Bygget er som det er- uteområdet har vi ynskje om å planta meir buskar og trær. Mat ein gong pr veke, har ikkje kjøkkenfasilitetar til servering av meir. Føresette tilfreds med ein nistefri dag. Veldig glade vi har bygdekvinnelaget som kokar nydeleg mat til oss ein gong i månaden.

5. Hjelpemiddelsentralen. Barnehagen ynskjer å nytta deler av hjelpemiddelsentralen til utbetring av barnehagen sine fasilitetar. Avdeling badnamyro manglar stalleplass og har kunn 1 toalett til 17 barn. Barna må fysisk gå ut av avdelinga og inn på ei anna avdeling for å gå på toalettet. Stell og bleieskift må og skje på ein anna avdeling. Helsedirektoratet §23, sanitære forhold i barnehagen, seier: «virksomheten skal ha tilstrekkelig antal tilgjengelige toalett og vasker. Sanitære anlegg skal ha hygienisk tilfredstillende utforming, kapasiteter og standar». Dette har vore ei sak på vernerundane dei siste åra. Pr dags dato har det vore diskutert om barnehagen skal disponera den innerste del av lageret. Dette utgjør omlag 38 m2. i tillegg blir lager som barnehagen nyttar i dag flytta lenger ut i lokala.

Det er avgrensa kva dagslys vi får inn i den delen av bygget, så det kan stort sett vera rom som ikkje er tiltenkt til varig opphald, som til dømes garderobar, toalett, stellerom. Barnehagen ynskjer å tenkja framtidsetta ihht oppvekstkår- temaplan. Ynskje er å disponera eit større areal av hjelpemiddelsentralen enn dei 38m2. Ingenting er vedteke enda.

6. ymse- ingen innkomne saker.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Jeaneth Sundal Rangseter
Barnhagestyrar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

